

## **PRESSEMELDING**

### **MEIDELL AS HAR GJORT AVTALE OM KJØP AV VERFTSOMRÅDET PÅ RØYSANESET I HØYLANDSBYGD PÅ HALSNØY I KVINNHERAD.**

### **STORESUND MARINE SERVICE AS OVERTEK HALSNØY DOKK AS.**

Meidell konsernet har gjort avtale om kjøp av verftsområde og dokk frå Halsnøy Eiendom AS (eigd av Cinus AS). Kjøpet omfattar eit areal på om lag 57 da, som ligg yttarst på Røysaneset i Høylandsbygd på Halsnøy i Kvinnherad kommune.

Samtidig er det inngått avtale der Storesund Marine Service AS kjøpar aksjane i Halsnøy Dokk AS frå Cinus AS. Storesund planlegg å driva denne verksemda vidare. Halsnøy Dokk AS vil inngå langsiktig leigeavtale med Meidell konsernet på delar av verftsområdet.

Investeringa inneber ei vidare satsing på Halsnøy for Meidell konsernet, der ein allereie driv omfattande oppdrettsverksemd gjennom Alsaker Fjordbruk og flytekrantar, slepebåtar og utleige av lekterar gjennom Tronds Marine Service AS.

Slutføring av kjøpet er avhengig av eigedomsgjennomgang (due diligence).

Kontaktpersonar:

Anders Storesund: 926 89 444

Arild Vik: 918 95 583

*Onarheim/Høylandsbygd 03.05.2019*



*Verftsområdet i Høylandsbygd*